

Saksprotokoll i fylkestinget - 04. og 05.10.2016

SAKSBEHANDLING

Sakene vart behandla i slik rekjkjefølgje:

- a) 4. oktober: PS 87/16, 69-71/16, 76/16, 79/16, 84-85/16, 72/16.
- b) 5. oktober: PS 74-75/16, 77-78/16, 80-82/16, 73/16, 83/16.

OPNING AV FYLKESTINGET – 04.10.2016

Til å skriva under møteboka saman med fylkesordføraren vart Anne Beth Njærheim og Helge Nævdal valde.

Fylkesordføraren gjorde framlegg om at møteboka vert godkjend av fylkesordføraren og dei som vart oppnemnde til å skriva under møteboka. Fylkestinget slutta seg til dette.

Det var kulturinnslag ved **Bergen internasjonale filmfestival** (BIFF) v/Tor Fosse, som viste kortfilmen «The Committee».

Fylkesordføraren heldt opningstalen sin til fylkestinget.

Fylkesrådmannen heldt sin tale.

ORDSKIFTET ETTER TALANE

Etter talane var det ordskifte. 9 representantar hadde ordet.

I samband med ordskiftet sette **Aud Karin Oen (SV)** fram slikt forslag til uttale:

«Hordaland fylkesting krev bymiljøavtalen på plass ne!»

Det hastar å koma i gong med utbygging av bybana både mot nord og vest! Trondheim er ferdigforhandla og Oslo/Akershus er komen i gong. Hordaland fylkesting fryktar at forseinkinga skal ramme framdrifta i bybaneprosjektet, både med tanke på statsbudsjettet for 2018 og den nye nasjonale transportplanen som skal vedtakast neste år.

Arbeidet med å få på plass lokale finansieringsmodellar må gå parallelt med framforhandlinga av bymiljøavtalen.»

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast på slutten av tingsetet.

Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget.

Røysting

Oen sitt forslag vart vedteke mot 19 røyster (H, Frp).

Vedtak

Uttale: Hordaland fylkesting krev bymiljøavtalen på plass ne!

Det hastar å koma i gong med utbygging av bybana både mot nord og vest! Trondheim er ferdigforhandla og Oslo/Akershus er komen i gong. Hordaland fylkesting fryktar at forseinkinga skal ramme framdrifta i bybaneprosjektet, både med tanke på statsbudsjettet for 2018 og den nye nasjonale transportplanen som skal vedtakast neste år.

Arbeidet med å få på plass lokale finansieringsmodellar må gå parallelt med framforhandlinga av bymiljøavtalen.

PRESENTASJON AV UNGDOMMENS FYLKESUTVAL – 05.10.2016

Følgjande medlemer i ungdommens fylkesutval møtte fylkestinget:

- Vegard Kleppe, leiar
- Oda Mo Eikefet, nestleiar
- Sunniva Framnes
- Maud Marie Thorbjørnsen
- Silje Nordal
- Martin Virkesdal Jonsterhaug